

Innkalling

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Søre Sunnmøre Reinholdsværk

Fredag

15. november 2019

Kl. 10.00

Saunesmarka

Innkalling til representantskapsmøte i

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

fredag 15.11.2019 kl. 10.00 i Saunesmarka, Ulsteinvik

Innkalling til:

- Bjørn Prytz, Herøy
- Tanja Rafteseth, Herøy
- Tor Sindre Steinsvik, Herøy – har meldt forfall (Tine Storøy er kalla inn)
- Karl-Oskar Sævik, Herøy – har meldt forfall (Solveig Båtsvik møter)
- Knut Erik Engh, Ulstein
- Berit Overvåg Hjorth, Ulstein
- Oddvar Gjerde, Ulstein
- Bernt Brandal, Hareid
- Kjetil Nasset, Hareid – har meldt forfall (Hallvard Sæverud møter)
- Olav Myklebust, Sande
- Anne-Marte Skarmyr Beitveit, Sande

Desse sakene er førebudde for handsaming:

Vedtaksaker:

Sak R09/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak R10/19 Kort orientering om organisering og drift av interkommunale selskap ved styreleiar

Sak R11/19 Konstituering av det nye representantskapet

Sak R12/19 Valg av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar)

Forts.

Forts.

Sak R13/19 Budsjett 2020 og gebyrregulativ 2020

Sak R14/19 Økonomiplan 2020 – 2023

Sak R15/19 Selskapskontrollen

Orienteringssaker:

Sak R16/19 Økonomisk resultat andre tertial og estimat / prognose for 2019

Sak R17/19 Diverse orienteringar ved styreleiar og dagleg leiar

Ulsteinvik, 04.11.2019

Knut Erik Engh
leiar

George Fulford
styreleiar

Innkallinga/saklista vert også sendt til varamedlemene. Desse får særskild melding dersom dei skal møte. I tillegg vert den sendt til revisor, Jostein Støylen / Vest Kontroll, styret og eigarkommunane.

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R09/19

Møtedato: 15.11.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R09/19 – GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE:

Forslag til vedtak er: «Innkallinga og saklista vart godkjend.»

Vedtak, samr.:

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R10/19

Møtedato: 15.11.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R10/19 – KORT ORIENTERING OM ORGANISERING OG DRIFT AV INTERKOMMUNALE SELSKAP VED STYRELEIAR

Styreleiar George Fulford, som har sær lang erfaring med denne typen selskap (kommunale og interkommunale selskap), vil orientere om organisering, ansvar, roller og drift av slike selskap.

Det vil sjølvsagt bli høve til å stille spørsmål undervegs i orienteringa.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet tar orienteringa til vitande.

Vedtak, samr.:

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R11/19

Møtedato: 15.11.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R11/19 –

KONSTITUERING AV DET NYE REPRESENTANTSKAPET

I valgår skal ein – i følge § 6, 4. avsnitt, i selskapsavtala – samle det nye representantskapet innan 30. desember og halde eit konstitueringsmøte (m.a.o. føreta valga nedanfor). Ansvarleg for innkallinga er representantskapet sin leiar før valget. For den inneverande bolken (fram til etter valget i 2023), må representantskapet formelt konstituere seg og mellom medlemmene velge følgande:

- Leiar
- Nestleiar
- Valgkomité
- Leiar i valgkomitéen

I valgkomitéen skal det vere eit medlem frå kvar kommune og ein av desse skal velgast til leiar i komitéen. Jfr. elles selskapsavtala § 6, 5. avsnitt. Valgkomitéen er m.a. ansvarlege for å finne kandidatar til styret.

På grunn av saka sin natur, finn ikkje styret det naturleg å legge fram ei tilråding til vedtak.

Vedtak, samr.:

Representantskapet gjorde følgande valg for perioden 2019 – 2023:

Leiar:

Nestleiar:

Leiar i valgkomitéen:

Valgkomité: Herøy:

Ulstein:

Hareid:

Sande:

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R12/19

Møtedato: 15.11.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R12/19 –

VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR):

To representantar skal skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar).

Sist (23/5-19) skreiv Ann-Katrin (Tine) Storøy (Herøy) og Magne Gurskevik (Ulstein) under protokollen.

Forslag til vedtak er:

«X og X skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar)».

Vedtak, samr.:

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R13/19

Møtedato: 15.11.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

BUDSJETT 2020 OG GEBYRREGULATIV 2020

Vedlagt finn de følgande:

- Budsjett 2020 (renovasjon og slamtøming – totalt og oppdelt)
- Gebyrregulativ 2020

I arbeidet med budsjett, etc. kan følgande nemnast:

- 5 % påslag på gebyrnivået i 2020 (renovasjonsgebyret for hushaldningar).
- Reduksjonen i sjølvkostfondet held fram (etter gjeldande reglar).
- Ei (1) ny stilling er lagt inn i 2020.
- Den generelle prisstigninga / kostnadsauken er lagt inn med 3,5 % på hushaldning. Såpass lav kostnadsauke er kalkulert med bakgrunn i effektivisering / digitalisering.
- Effektiviseringskoeffisienten er sett til 2 % i 2020.
- Lønnsauken er sett til 2,9 % i 2020.
- Evnt. seinare investeringar i eit biogassanlegg og andre store investeringar er ikkje lagt inn i budsjettet.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtar budsjettet og gebyrregulativet for 2020. Gebyrregulativet blir oversendt til kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak der.

I budsjettet er det lagt opp til 5 % prisauke på renovasjonsgebyret på hushaldning, til framføring mot sjølvkostfondet på hushaldningsrenovasjon eit underskot på kr 2.288.000 og eit overskot på kr 1.469.000 på næringsrenovasjonen (før skatt). Slamtøminga er budsjettert med eit underskot på kr 83.000 i 2020.

Vedtak, samr.:

SSR - Samla budsjett 2020

	BUDSJETT	Prognose	Budsjett	Rekneskap
	2020	2019	2019	2018
Driftsinntekter hushaldning	41431	39521	39509	37765
Driftsinntekter næring	10867	10170	7960	8002
Driftsinntekter slam	3300	5949	3881	3359
Sum driftsinntekter	55598	55640	51350	49126
Varekostnader hushaldning	-6244	-6143	-6538	-5825
Varekostnader næring	-1864	-1744	-857	-1026
Varekostnader slam	-2818	-4890	-3287	-2862
Lønns-/personalkostnader	-23246	-21906	-21828	-20360
Avskrivningar / nedskrivningar	-4499	-4583	-4200	-3615
Andre driftskostnader	-15648	-15481	-14424	-13500
Sum driftskostnader	-54319	-54747	-51134	-47188
Driftsresultat	1279	893	216	1938
Renter / finansinntekter	340	206	366	327
Renteutgifter / finansutgifter	-2233	-1971	-1945	-1545
Resultat av årets drift	-614	-872	-1363	720
Til framføring mot sjølvkostfond	-2288	-3030	-2840	181
Til framføring mot egenkapital	1072	1015	853	297
Sjølvkostfond pr. 31.12	4185	6473	6663	9503

Føresetnader i budsjettet:

Prosentvis abonnementsauke	0,50 %
Gebyrauke/-nedgang	5,00 %
Inntektsauke næringsrenovasjon	5,90 %
Prosentvis kostnadsauke hushaldning	3,50 %
Prosentvis kostnadsauke næring	4,00 %
Prosentvis auke lønnskostnad	2,90 %
Rentenivå på lån	2,35 %
Endring antal årsverk	1
Effektivitetskoeffisient	2,00 %

I føresetnadene er det ikkje tatt med ekstraordinære av- og nedskrivningar og store investeringar.

Slam - Budsjett 2020

	BUDSJETT	Prognose	Budsjett	Rekneskap
	2020	2019	2019	2018
Driftsinntekter kommunal kloakk	900	2143	1687	1638
Driftsinntekter private tankar	2400	3806	2194	1721
Sum driftsinntekter	3300	5949	3881	3359
Varekostnader kommunal kloakk	-820	-1828	-1532	-1493
Varekostnader private tankar	-1998	-3062	-1755	-1369
Lønn/personal kommunal kloakk	-86	-62	-99	-43
Lønn/personal private tankar	-235	-167	-243	-116
Avskrivningar kommunal kloakk	0	0	0	-3
Avskrivningar private tankar	-40	-46	-54	-68
Andre driftskostn. kommunal kl.	-94	-81	-90	-118
Andre driftskostn. private tankar	-93	-73	-83	-170
Sum driftskostnader	-3365	-5318	-3857	-3380
Renteinntekter/finansinntekter	2	2	4	7
Renteutgifter/finansutgifter	-20	-20	-25	-19
Resultat av årets drift	-83	613	2	-33

Overskot/underskot blir ført mot sjølvkostfond eller til inn-/utbetaling.

SSR - Hushaldning - Budsjett 2020

	BUDSJETT	Prognose	Budsjett	Rekneskap
	2020	2019	2019	2018
Renovasjonsgebyr	37391	35414	35299	33638
Andre driftsinntekter	4040	4107	4210	4128
Sum driftsinntekter	41431	39521	39509	37765
Varekostnader hushaldning	-6244	-6143	-6538	-5825
Lønns-/personalkostnader	-19270	-18143	-18526	-16994
Avskrivningar / nedskrivningar	-3678	-3800	-3457	-2886
Andre driftskostnader	-12688	-12843	-12229	-10636
Sum driftskostnader	-41880	-40929	-40749	-36341
Driftsresultat	-451	-1408	-1240	1424
Renter / finansinntekter	287	156	305	274
Renteutgifter / finansutgifter	-1838	-1623	-1601	-1243
Resultat av årets drift	-2002	-2875	-2536	455
Minus renteinntekter til EK	-286	-155	-304	-274
Til framføring mot sjølvkostfond	-2288	-3030	-2840	181
Sjølvkostfond pr. 31.12	4185	6473	6663	9503

Renovasjonsgebyr er faste gebyr som blir sendt ut kvart tertial / kvar måned.

Andre driftsinntekter er tilleggssinntekter (inkl. miljøstasjoner) og fraksjonssalg.

Andre driftsinntekter kan også vere vekttillegg og ekstrahentingar på næring, etc.

Varekostnader er t.d. kverning, bioenergi og energigjenvinning.

SSR - Næring - Budsjett 2020

	BUDSJETT	Prognose	Budsjett	Rekneskap
	2020	2019	2019	2018
Renovasjonsgebyr				
Andre driftsinntekter	10867	10170	7960	8002
Sum driftsinntekter	10867	10170	7960	8002
Varekostnader næring	-1864	-1744	-857	-1026
Lønns-/personalkostnader	-3655	-3534	-2960	-3207
Avskrivningar / nedskrivningar	-781	-737	-689	-658
Andre driftskostnader	-2773	-2484	-2022	-2576
Sum driftskostnader	-9073	-8499	-6528	-7467
Driftsresultat	1794	1671	1431	535
Renter / finansinntekter	51	48	57	46
Renteutgifter / finansutgifter	-375	-328	-319	-283
Resultat av årets drift	1469	1391	1169	297
Til framføring mot egenkapital	1072	1015	853	297

NB! På næringsoverskotet skal det betalast skatt. Beløpet over er etter skatt.

SSR 2020 – Gebyrregulativ som skal godkjennast i kommunestyra:

(Alle prisar er ekskl. mva. og inkl. mva.)

STANDARDABONNEMENT:

Type abonnement:	Gebyr 2020:	Gebyr 2019 (samanlikning):
<u>Standardabonnement, dunk:</u> 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140 / 240 l blå, papiravfall	kr 3.432,- kr 4.290,- inkl. mva. kr 1.430,- inkl. mva. pr. termin	5 % prisstigning.
Abonnement – nedgravd løysing	kr 3.432,- kr 4.290,- inkl. mva. kr 1.430,- inkl. mva. pr. termin	5 % prisstigning.
<u>Standard sekkeabonnement:</u> 30 sekkar matavfall 15 sekkar restavfall	kr 3.432,- kr 4.290,- m/mva. kr 1.430,- inkl. mva. pr. termin	5 % prisstigning.
<u>Redusert abonnement, dunk:</u> 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	kr 3.208,80 kr 4.011,- inkl. mva. kr 1.337,- inkl. mva. pr. termin	5 % prisstigning.
<u>Redusert sekkeabonnement:</u> 18 sekkar matavfall 12 sekkar restavfall	kr 2.983,20 kr 3.729,- m/mva. kr 1.243,- inkl. mva pr. termin	5 % prisstigning.

HEIMEKOMPOSTERING:

Type abonnement:	Gebyr 2020:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Heimekompostering (gjeld kun for standardabonnement, delt abonnement og redusert abonnement)	kr 410,40,- i reduksjon på renovasjonsgebyret. (Max to husstandar per kompostbinge) kr 513,- inkl. mva. kr 171,- inkl. mva. pr. termin	Same reduksjon som i 2019.

FRITIDSABONNEMENT:

Type abonnement:	Gebyr 2020:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Fritidsabonnement; dunk 140 l, sekkar (12 stk.) eller nedgravd løysing (ca ¼ av standardprisen)	kr 852,- kr 1.065,- inkl. mva. kr 355,- inkl. mva. pr. termin	5 % prisstigning.
Tillegg for større dunk 240 l restavfall	kr 343,20 - pr. år pr. dunk kr 429,- inkl. mva. kr 143,- inkl. mva. pr. termin	5 % prisstigning.
Fritidsabonnement – ekstra; 80 l matavfall og 80 l restavfall	kr 974,40 kr 1.218,- inkl. mva. kr 406,-	Nytt tilbod !

STORHUSHALD – i tillegg til standardgebyret for utskifting til større dunkar:

Fraksjon:	Dunkstorleik:	Gebyr 2020 – ekskl. mva.:	Gebyr 2020 – inkl. mva.:	Gebyr pr. termin 2020 – inkl. mva.:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Matavfall	Frå 140 l til 240 l	614,40	768,-	256,-	5 % prisauke.
Restavfall	Frå 140 l til 240 l	465,60	582,-	194,-	5 % prisauke.
Restavfall	Frå 140 l til 660 l	2.428,80	3.036,-	1.012,-	5 % prisauke.
Restavfall	Frå 240 l til 660 l	1.963,20	2.454,-	818,-	5 % prisauke.
Papiravfall	Frå 240 l til 660 l	640,80	801,-	267,-	5 % prisauke.

Dunkar på 370 l blir prisa som dunkar på 660 l.

STORHUSHALD – i tillegg til standardgebyret for fleire dunkar:

Fraksjon:	Dunkstorleik:	Gebyr 2020 – ekskl. mva.:	Gebyr 2020 – inkl. mva.:	Gebyr pr. termin 2020 – inkl. mva.:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Restavfall	Ekstra 140 l	770,40	963,-	321,-	5 % prisauke.
Restavfall	Ekstra 240 l	1.236,-	1.545,-	515,-	5 % prisauke.
Restavfall	Ekstra 660 l	3.199,20	3.999,-	1.333,-	5 % prisauke.
Papiravfall	Ekstra 140 l	278,40	348,-	116,-	5 % prisauke.
Papiravfall	Ekstra 240 l	432,-	540,-	180,-	5 % prisauke.
Papiravfall	Ekstra 660 l	1.072,80	1.341,-	447,-	5 % prisauke.

Dunkar på 370 l blir prisa som dunkar på 660 l.

STORHUSHALD – sekkar:

Fraksjon:	Antal sekkar:	Gebyr 2020 – ekskl. mva.:	Gebyr 2020 – inkl. mva.:	Gebyr pr. termin 2020 – inkl. mva.:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Matavfall og restavfall	Frå 30 sekkar til 36 sekkar matavfall og frå 15 sekkar til 18 sekkar restavfall	3.897,60	4.872,-	1.624,-	5 % prisauke.

OPPSTART / RESTART ABONNEMENT:

Type gebyr:	Gebyr 2020:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement	kr 890,40 pr. gang kr 1.113,- inkl. mva.	5 % prisstigning.

Forts.

TILLEGGSTENESTER:

Type teneste:	Gebyr 2020:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpande abonnement – til større eller mindre dunkar	kr 222,40,- pr. gang når det blir skifta ut dunkar / dunkesett. kr 278,- inkl. mva.	5 % prisstigning.
Gebyr for ekstrahenting	kr 222,40 pr. gang kr 278,- inkl. mva.	5 % prisstigning.
Avstandsgebyr *	Individuell prisfastsetting	Som tidlegare.

* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køyreruter – prissetting etter vegstandard og avstand frå køyreveg.

ABONNEMENTSDELING: (Evt. dunkar på 370 l blir prisa som dunkar på 660 l.)

Type abonnement:	Gebyr 2020:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Abonnementsdeling 140 l matavf., 140/240 l restavfall, 240 l papiravfall, minst 2 husstandar, pris pr. husstand	kr 2.983,20 kr 3.729,- inkl. mva. kr 1.243,- inkl. mva. pr. termin	5 % prisstigning.
Abonnementsdeling 240 l matavfall, 660 l restavfall, 660 l papiravfall, for 3 husstandar, pris pr. husstand	kr 3.633,60 kr 4.542,- inkl. mva. kr 1.514,- inkl. mva. pr. termin	Nytt tilbod!
Abonnementsdeling 660 l matavfall, 660 l restavfall, 660 l papiravfall, minst 4 husstandar, pris pr. husstand	kr 2.983,20 kr 3.729,- inkl. mva. kr 1.243,- inkl. mva. pr. termin	5 % prisstigning.

ABONNEMENTSDELING – i tillegg til fastgebyret ved utskifting til større dunkar (pris pr. husstand):

Fraksjon:	Dunkstorleik:	Gebyr 2020 – ekskl. mva.:	Gebyr 2020 – inkl. mva.:	Gebyr pr. termin 2020 – inkl. mva.:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Matavfall	Frå 140 l til 240 l	153,60	192,-	64,-	5 % prisauke.
Restavfall	Frå 240 l til 660 l	489,60	612,-	204,-	5 % prisauke.
Papiravfall	Frå 240 l til 660 l	160,80	201,-	67,-	5 % prisauke.

ABONNEMENTSDELING – i tillegg til fastgebyret for fleire dunkar (pris pr. husstand):

Fraksjon:	Dunkstorleik:	Gebyr 2020 – ekskl. mva.:	Gebyr 2020 – inkl. mva.:	Gebyr pr. termin 2020 – inkl. mva.:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Restavfall	Ekstra 140 l	192,-	240,-	80,-	5 % prisauke.
Restavfall	Ekstra 240 l	309,60	387,-	129,-	5 % prisauke.
Restavfall	Ekstra 660 l	799,20	999,-	333,-	5 % prisauke.
Papiravfall	Ekstra 140 l	69,60	87,-	29,-	5 % prisauke.
Papiravfall	Ekstra 240 l	108,-	135,-	45,-	5 % prisauke.
Papiravfall	Ekstra 660 l	268,80	336,-	112,-	5 % prisauke.

SLAMTØMING:

Type abonnement:	Gebyr 2020:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Tøming vanleg tank hushaldning (gjeld ikkje dei som er tilknytta offentleg avløpsnett)	Pris inn + 25 %. Herøy / Sande fakturerer sjølve. SSR fakturerer for Hareid og Ulstein. Evt. overskot der går til eige sjølvkostfond.	Uendra prinsipp frå 2019.

LEVERING PÅ MILJØSTASJONANE:

Type teneste:	Gebyr 2020:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Pris pr. sekk ved kjøp:	kr 20,- kr 25,- inkl. mva.	Uendra frå 2019 – m.a.o. ein realprisnedgang.
Levering til miljøstasjonar:	kr 2.226,40 pr. tonn kr 2.783,- pr. tonn inkl. mva.	5 % prisstigning.
Levering av svarte / tette sekkar til miljøstasjonar:	kr 200,- pr. sekk kr 250,- pr. sekk inkl. mva.	Ny ordning!
Minstesum ved levering til miljøstasjonar:	kr 52,- kr 65,- inkl. mva.	Uendra frå 2019 – m.a.o. ein realprisnedgang.
Volumgebyr over 0,2 m3:	kr 467,20 pr m3 kr 584,- pr m3 inkl. mva.	5 % prisstigning.

SATSAR FOR BILDEKK:

Type fraksjon:	Gebyr 2020:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Dekk på felg:	kr 127,20 kr 159,- inkl. mva.	5 % prisstigning.
Reine dekk utan felg: Skitne og tilgrisa dekk:	Inkludert i gebyret kr 2,78 pr. kg. inkl. mva.	5 % prisstigning.

SATSAR PÅ GREINPLASSANE:

Type fraksjon:	Gebyr 2020:	Gebyr 2019 (samanlikning):
Grein- og hageavfall frå hushaldningar – inntil 250 kg.	Inkludert i gebyret	Som før.
Frå 250 kg. og oppover blir rekna som næring, pluss at røter, jord, stein, aur, sand, etc. er betalingsfraksjonar	kr 983,20 pr. tonn kr 1.229,- inkl. mva. kr 0,98 pr. kg kr 1,23 inkl. mva.	5 % prisstigning.

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R14/19

Møtedato: 15.11.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

ØKONOMIPLAN 2020 – 2023

Saka heng tett saman med forrige sak (budsjett / gebyrregulativ 2020), sidan budsjettåret 2020 er det første av fire år i økonomiplanen.

Utanom det som ligg i budsjettet for 2020, er det for både 2020 og dei tre påfølgande åra lagt inn følgande hovudtrekk:

- 5 % gebyrauke i 2020 og 4 % i 2021, 2022 og 2023 (hushaldningsrenovasjon).
- Reduksjonen i sjølvkostfondet held fram første tre åra i planperioden, men i 2023 skal utviklinga snuast til overskot på hushaldningsrenovasjonen.
- Det er lagt inn kun ei (1) ny stilling i planperioden. Dette kan vere eit kritisk punkt m.t.p. auka arbeidsmengde / auka avfallsmengder.
- Lønnsauken er sett til 2,9 % i alle fire åra i planperioden.
- Den generelle prisstigninga / kostnadsauken på hushaldning er lagt inn med 3,5 % i 2020 og 3 % dei påfølgande tre åra. Såpass lav kostnadsauke er kalkulert med bakgrunn i effektivisering / digitalisering.
- Effektiviseringskoeffisienten (som er sett saman av ulike indikatorar) er sett til 2 % i 2020, 1,5 % i 2021 og 1 % i 2022 og 2023.
- Renteutviklinga må (som vanleg) følgast nøye framover.
- Evt. investeringar i eit biogassanlegg og andre store investeringar er ikkje lagt inn i økonomiplanen.
- Vinteren 2020 vil ein sette i gang eit prosjekt, der ein ut i frå omsyn til miljø / økonomi vil vurdere om det er hensiktsmessig å inkludere grovavfall i gebyret frå 1. januar 2021. Samstundes vil det også bli vurdert om det er naturleg å gebyrlegge grein- og hageavfallet frå 1/1-21. Representantskapet vil bli orientert om prosjektet på første møtet i 2020 og eventuelt blir det då budsjettsak på haustmøtet i 2021.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtar den framlagde økonomiplanen for perioden 2020-2023.

Vedtak, samr.:

SSR - ØKONOMIPLAN 2020 - 2023 - samla for heile selskapet

I flg. § 20 i IKS-lova skal ein økonomiplan omfatte dei fire neste budsjettåra og "gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgaver, herunder investeringsplaner, og finansieringen av disse i perioden. I økonomiplanen skal det inngå en oversikt over selskapets samlede gjeldsbyrde og garantiansvar, og over utgifter til renter og avdrag i perioden".

	Prognose	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2019	2020	2021	2022	2023
Driftsinntekter hushaldning	39 521	41 431	43 175	44 994	46 894
Driftsinntekter næring	10170	10867	11302	11754	12224
Driftsinntekter slam	5 949	3 300	3 465	3 638	3 820
Sum driftsinntekter	55 640	55 598	57 942	60 386	62 938
Varekostnader	-12 777	-10 926	-11 301	-11 688	-12 090
Lønns-/personalkostnader	-21 906	-23 246	-23 920	-24 614	-25 328
Avskrivningar / nedskrivningar	-4 585	-4 499	-4 316	-4 278	-4 020
Andre driftskostnader	-15 481	-15 648	-16 147	-16 662	-17 194
Sum driftskostnader	-54 749	-54 319	-55 684	-57 242	-58 632
Driftsresultat	891	1 279	2 258	3 144	4 306
Renter/finansinntekter	207	341	340	340	340
Renteutgifter/finansutgifter	-1 971	-2 232	-2 143	-2 052	-1 980
Sum finanspostar	-1 764	-1 891	-1 803	-1 712	-1 640
Resultat av årets drift	-873	-612	455	1 432	2 666
Til framføring mot sjølvkostfond	-3 030	-2 286	-1 480	-726	269
Til framføring mot egenkapital	1 391	1 470	1 649	1 822	2 019
Sjølvkostfond pr. 31.12	6 816	4 530	3 050	2 324	2 593

SSR - ØKONOMIPLAN 2020 - 2023 - Slam

Driftsinntekter komm. kloakk	2143	900	945	992	1042
Driftsinntekter, private tankar	3 806	2400	2520	2646	2778
Sum driftsinntekter	5 949	3 300	3 465	3 638	3 820
Varekostnader	-4 890	-2818	-2931	-3048	-3170
Lønns-/personalkostnader	-229	-321	-330	-340	-350
Avskrivningar / nedskrivningar	-48	-40	-8	0	0
Andre driftskostnader	-154	-187	-194	-202	-210
Sum driftskostnader	-5 321	-3 366	-3 463	-3 590	-3 730
Driftsresultat	628	-66	2	48	90
Renter/finansinntekter	2	2	2	2	2
Renteutgifter/finansutgifter	-20	-19	-4	0	0
Resultat av årets drift	610	-83	0	50	92

Føresetnader for renovasjon og slam:

Prosentvis abonnementsauke	0,50 %	0,50 %	0,50 %	0,50 %
Gebyrauke/-nedgang pr. år	5,00 %	4,00 %	4,00 %	4,00 %
Inntektsauke næringsrenovasjon	5,90 %	4,00 %	4,00 %	4,00 %
Prosentvis kostnadsauke, hush.	3,50 %	3,00 %	3,00 %	3,00 %
Prosentvis kostnadsauke, næring	4,00 %	3,00 %	3,00 %	3,00 %
Prosentvis auke lønnskostnad	2,90 %	2,90 %	2,90 %	2,90 %
Rentenivå på lån	2,35 %	2,35 %	2,35 %	2,35 %
Endring antal årsverk	1	0	0	0
Effektivitetskoeffisient	2,00 %	1,50 %	1,00 %	1,00 %

I føresetnadene er det ikkje tatt med ekstraordinære av- og nedskrivningar og store investeringar.

SSR - ØKONOMIPLAN 2020 - 2023 - Renovasjon hushaldning

	Prognose	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2019	2020	2021	2022	2023
Gebyrinntekter	35414	37391	39074	40832	42669
Andre driftsinntekter	4107	4040	4101	4162	4225
Sum driftsinntekter	39521	41431	43175	44994	46894
Varekostnader	-6143	-6244	-6431	-6624	-6823
Lønns-/personalkostnader	-18143	-19270	-19829	-20404	-20996
Avskrivningar / nedskrivningar	-3800	-3678	-3547	-3525	-3302
Andre driftskostnader	-12843	-12688	-13069	-13461	-13865
Sum driftskostnader	-40929	-41880	-42876	-44014	-44986
Driftsresultat	-1408	-449	299	980	1908
Renter/finansinntekter	157	288	287	287	287
Renteutgifter/finansutgifter	-1623	-1838	-1780	-1707	-1640
Resultat av årets drift	-2874	-1999	-1194	-440	555
Renteinntekter til egenkapital	-156	-287	-286	-286	-286
Til framføring mot sjølvkostfond	-3030	-2286	-1480	-726	269
Sjølvkostfond per 31.12	6 816	4 530	3 050	2 324	2 593
Standardgebyr ekskl. mva.	3 268,80	3 432,24	3 569,53	3 712,31	3 860,80

SSR - ØKONOMIPLAN 2020 - 2023 - Renovasjon næring

Driftsinntekter næring	10 170	10867	11302	11754	12224
Varekostnader	-1 744	-1 864	-1 939	-2 016	-2 097
Lønns-/personalkostnader	-3 534	-3 655	-3 761	-3 870	-3 982
Avskrivningar / nedskrivningar	-737	-781	-761	-753	-718
Andre driftskostnader	-2 484	-2 773	-2 884	-2 999	-3 119
Sum driftskostnader	-8 499	-9 073	-9 345	-9 638	-9 916
Driftsresultat	1 671	1 794	1 957	2 116	2 308
Renter/finansinntekter	48	51	51	51	51
Renteutgifter/finansutgifter	-328	-375	-359	-345	-340
Resultat av årets drift	1 391	1 470	1 649	1 822	2 019

(NB! Skatt skal trekkast frå overskotet. Resultat - skatt = Til egenkapital)

INVESTERINGAR:

	År 2020:	År 2021:	År 2022:	År 2023:
Diverse mindre årlege investeringar	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000

Evt. framtidige investeringar i biogassanlegg er ikkje tatt med i økonomiplanen. Det er heller ikkje andre store investeringar.

I økonomiplanen er det lagt inn stor satsing på digitalisering i drifta i 2020 (inkl. 1 stilling). Dette igjen skal gi effektiviseringsgevinstar utover i 2021 og åra etter. Samfunnsansvaret blir m.a. utøvd gjennom vidare satsing på lærling- og praksisplassar.

Vi reknar med at nye fraksjonar og større mengder avfall blir inkludert i gebyret, og selskapet satsar vidare på grøn næringsutvikling.

SELSKAPET SI SAMLA GJELD ER FØLGANDE:

	31.12.2019:	31.12.2020:	31.12.2021:	31.12.2022:	31.12.2023:
Langsiktig gjeld (banklån)	96 567 200	93 303 100	90 039 000	86 774 900	83 510 800
I tillegg kjem driftskreditt.					

Garantiansvaret for langsiktig gjeld er fordelt slik på kommunane:

Herøy:	Ulstein:	Hareid:	Sande:
35,67 %	33,52 %	20,63 %	10,18 %

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R15/19

Møtedato: 15.11.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

SELSKAPSKONTROLLEN 2010 – 2018

SSR har mottatt selskapskontrollrapporten som er datert 26. august 2019. Styret i SSR behandla rapporten i styremøte 25. september 2019. Heile selskapskontrollen tok omtrent 13 månader å gjennomføre. SSR er tilfredse med at det blir gjort slike gjennomgangar av selskapet si verksemd, og hovudtrekka frå selskapskontrollrapporten er oppsummert slik:

Styret er tilfredse med at kontrollen ikkje har merknader til selskapet sine fordelingar av kostnader og fordelingsnøklar i forhold til hushaldning og næring på renovasjon – der hushaldning blir drive etter sjølvkostprinsippet. SSR legg stor vekt på at dette grensesnittet skal vere føreseieleg og i tråd med gjeldande retningslinjer. Fordelinga av kostnader (og inntekter) blir vurdert årleg. Den blir også gjennomgått av revisor under den årlege revisjonen av selskapet.

Med omsyn til rapporten elles, har styret følgjande merknader:

- a) Feilførte renter på driftskreditt, ca. kr 446.000, blir retta i samsvar med rapporten. Feilen skuldast truleg ein kodefeil i eit rekneark frå 2013.
- b) Selskapet meiner at føring av avskrivning på tomter i perioden 1980 til 2014 er i samsvar med regelverket. Dette er m.a. kvalitetssikra av selskapet sin revisor og ekstern ekspertise på feltet. Selskapet vil likevel, som teikn på god vilje der to tolkingar begge er lovlege, likevel endre rekneskapet i samsvar med rapporten. SSR har i vurderinga si lagt vekt på at dette beløpet er av ein beskjeden storleik – ca. kr 303.000.
- c) SSR vil vidareføre gjeldande praksis vedr. nedgravde løysingar. Selskapet er sikre på at dette er gjort etter gjeldande regelverk og i samsvar med det eigarkommunane ønskjer. SSR meiner også at dette spørsmålet er av stor prinsipiell interesse og vil bli drøfta med representantskapet i møtet. Konsekvensen av å følge det som står i rapporten er at det blir slutt på slike løysingar til hushaldningsabonnentar og på offentlege plassar. Det seier seg sjølv at dette er ei feiltolking av regelverket.

I korte trekk betyr dette at selskapet overfører kr 750.000 frå næringsoverskotet i 2019 (eller frå eigenkapitalen) til sjølvkostfondet for hushaldningsrenovasjonen. Dette utgjer 0,19 % av omsetnaden i kontrollperioden (2010 – 2019).

Forts.

Forts.

Vedtaka i dei fire kontrollutvalga er av generell karakter, men dei har vedtatt at «Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyra med kopi til kontrollutvalga innan 15.03.2020.».

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner styret si handsaming av innhaldet i rapporten etter selskapskontrollen, og selskapet sender skriftleg beskjed om dette til kontrollutvalga og kommunestyra i eigarkommunane.

Vedtak, samr.:

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R16/19

Møtedato: 15.11.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R16/19 – ØKONOMISK RESULTAT ANDRE TERTIAL OG ESTIMAT / PROGNOSE FOR 2019

ORIENTERINGSSAK

Generell orientering utan at det er lagt opp til vedtak i saka.

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

MØTEBOK - REPRESENTANTSKAPET

SAK NR R17/19

Møtedato: 15.11.2019

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R17/19 – DIVERSE ORIENTERINGAR VED STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR

ORIENTERINGSSAK

Styreleiar og dagleg leiar vil informere om aktuelle saker.

Det er ikkje lagt opp til vedtak i saka.